



Aktivitetshuset mister spelemidlane ved neste årsskifte hvis sluttrekneskap ikkje er levert.

Med det første skal kommunen drøfte ytterlegare lån til Uskedalen Aktivitetshus, men ei minst like viktig sak i samband med huset er spelemidlane. No har fylkeskommunen ved fylkesidrettssjefen gjeve kommunen ein absolutt siste frist.

Fylkesidrettssjef Britt Karen Spjeld minnar om at kommunen har fått utsetjing med levering av revidert rekneskap til 30. mai i år. I brevet sto det mellom anna at ytterlegare utsetjing ikkje vert innvilga.

Spjeld held fram: "I henhold til forskriftane når det gjeld spelemidlar skal revidert rekneskap vera sendt inn maksimalt to år etter at tilskotet er gjeve. Uskedalen aktivitetshus fekk innvilga spelemidlar i 2005 og skulle i følge søknaden Dykkar vore fullført 30.5.05. Spelemidlar skal inndragast jfr. forskriftene dersom anlegg ikkje er fullført innan ti år etter at tildeling er gjeve.

Ut i frå ei totalvurdering vil vi gje dykk ein absolutt siste frist til 31.12.08 med å levere ferdigattest og sluttrekneskap, stadfesta av kommunen sin revisor. Dersom nemnde dokument ikkje er Hordaland fylkeskommune ved kultur- og idrettsavdelinga i hende innan 31.12.08 vert spelemidlar 2004 og 2005 med tilsaman 3.516.00 kroner inndrege automatisk".

Av Ola Matti Mathisen